



Frode Gravdal
Eidavegen 598
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1878 - 19/37815

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.12.2019

Ferdigattest garasje - gbnr 233/72 Eide indre

Administrativt vedtak. Saknr: 778/19

Tiltakshavar: Frode Gravdal
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.06.2014 og 03.10.2014 (endringsløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.12.2019.

Skildring

Adresse:	Eidavegen 598
Bygningstiltak:	Garasje
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	48 m ²

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for garasje på gbnr. 233/72.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1878

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frode Gravdal	Eidavegen 598	5993	OSTEREIDET
---------------	---------------	------	------------

Mottakarar:

Frode Gravdal	Eidavegen 598	5993	OSTEREIDET
---------------	---------------	------	------------